

## **Alverland**

### **1. Konsesjonen vår 119/5 Sundsbø. Vedlegg 1**

Denne viser at vi er 3 eigere til bruket, og har ein annleis plan med bruket på SUNDSBØ, enn det som er vanlig på eit småbruk. Vedlagt er og prospektet for gården, Alverland , **vedlegg 2**

### **2. Gjerdeplan og planlagt driftsopplegg.**

Framdriften av gjerde og ryddeplanen, følger oppbygginga av gården.

Me har kjøpt eit gårdsbruk i august 2020, på 450 dekar, som har lagt nede i 50 år. Dette er noko gården er sterkt prega av . Våningshuset er svært dårlig stand, og alle driftsbygningane er det berre tørrmurane igjen av.

Me må bruke det første året til å bygge opp dei første boligane og infrastrukturen, for at alle me ,tre eigarane ,får tak over hodet , på garden. I tillegg skal me bygge opp den første grønnsakhagen og plante dei første bærbuskane og fruktrea. I 2021 vil me gjerde det første gjerdet rundt den indre kjernen på garden der slik planting skal skje. Arealet er rydda for trær og me treng 320 meter gjerde. Se **vedlegg 3**. Innanfor dette området skal det også byggast eit bygg som skal huse verksted, fjøs og drivhus. Alt dette er nødvendig for oppbygginga av gården vidare. Dei første dyra kjem i 2022 . Høns og sau er.

Det andre året , på våren i 2022, skal brukast til å gjerde inn 590 m av gårdens innmark **vedlegg 3** . Eg som bonde sørger for god infrastruktur for dyreholdet før dei første dyra kjem sommeren 2022. I tillegg skal det ryddast langs kanalen som går langs utløpet for overflodsvatnet i området.

Gården byggast opp for drift med nokre melkekyr, Vestland fjordfe og ein flokk sau, gammelnorsk spelsau.

Me bur på ein gård som ligg på ei halvøy. Utmarksområder skal i 2023, rammast inn av gjerde mot aust, 600 m og sør, 300 m gjerde. I tillegg skal eit stort område ryddast på llynghei i nord, og gjerast inn til sommerbeite. Dette krev 300 m gjerde. **Vedlegg 3**. Resten av området, på 3 sider, grenser mot sjø. Det krevjast ein del rydding av einer og anna vegetasjon langs gjerdetraseen. Då er beitet klart for melkekyr, Og anskaffelse av slike. Det blir eit anna driftsopplegg enn tidlegare, der eg hadde sommermelk. Sommerbeite her gjer melking noko vanskeleg tilgjengeleg. Det er lettare å melke i perioder kyrne er nærmare huset eller er inne. Haustkalving.

Totalt skal det gjerdast, ca 2000 meter for å få gode beskytta beiter for 450 dekar.. Me er heldige som har så mykje naturlege gjerder, med å ha grense til sjøen, på store deler av eiendomen

### **3. Vår tidlegare landbrukserfaring**

Bente

Bonde frå 2016-2020 . Osteriet i Samnanger, bruk 29/2, med melkekyr, sau, høns og grønsaker/ bær/ frukt. Gardsteri, gardsbutikk på garden eit år/ GÅRDSKAFF og kulturarrangementer. Butikk Laga,Bjørkheim rv7 8 år. Bondens Marked frå 2011-2020. Var med å starte REKORINGER i Bergen 2018 og solgte der til 06/2020. Matfestivalen 3 år. Markedshagekurs 2021, Årstudiump Regenerativt Landbruk Den Grøne Høgskulen på Bryne 2020/2021.

Ida/ Bart

Grønsaksdyrkning i egen hage etter no-dig metode 5 år.  
Markedshagekurs 2020.